

ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2015

Årsmeldinga omfattar fylgjande hovudpunkt:

1.Økonomisk del

2.Generell del

3.Viltforvaltning

2.1 Villreinforvaltning

2.2 Småviltforvaltning

4.Fiskeforvaltning

3.1 Fiskeutsetting

3.2 Prøvefiskeresultat

3.3 Garnfiskestatistikk

3.4 Kalking

3.5 Anna fiskekultivering

5.Fjellstyrehyttene

4.1 Hyttestyret

6.Beiteleiga

7. Anna

1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2015 og 2014 viser følgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2015	2014	UTGIFTER, DRIFT	2015	2014
Salsinntekt	499820	708369	Lønskostnader	29918	29363
Anna driftsinntekt	162938	167420	Avskrivingar	84565	84948
			varekostnad	8820	10430
			Anna driftskostnad	669681	623223
Sum driftsinntekter	662759	875789	Sum driftskostnader	792985	747965
Driftsresultat	-130225	-127824			
Netto Renteinntekt	35573	50702			
Sum årsresultat	-94652	-178462			
Bankinnskot, kontantar og liknande.	2112475	1983112			

Kommentar:

Her viser hovudtala frå rekneskapet samanlikna med tala frå året før. Det vart og for 2015 eit underskot på drifta. På sikt kan eit slikt resultat ikkje fortsetja.

Inntektene:

Inntektene er gått tilbake grunna lågare fiskekortsal pga sein summar og dårlig ver, mindre sal av reinskort og ingen rypejakt.

Utgiftene:

- Største faste utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, kjøp av tenester frå Eidfjord kommune, rekneskap tenester og kontingent til Norges fjellstypesamband. I tillegg var det eit godt småviltår i 2014 som resulterte i mykje raudrev og høge utbetalingar av skotpremie, det dobla av tilskotet frå kommunen

Investeringar:

- Det er ikkje utført oppgåver eller gjort innkjøp som er å rekna som investeringar.

2. Generelt

Fjellstyret hadde 3 styremøte og handsama 18 saker. Det viktigaste av aktivitetene kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret,

www.eidfjord-fjellstyre.no

3. Viltforvaltning

3.1 Villreinforvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda er **Hovedmål: - produsere 2.000 – 2.500 kalv årlig (målt ved kalvetelling)**

Delmål: - simleandelen på 40% (målt ved strukturtelling)

- bestandsstørrelse maks 12.000 før kalving.

- holde en mest mulig stabil bestandsstørrelse over tid.

bestand er på rundt 10.500 dyr før kalving i 2016.

Samla kvote vart sett til 8 000 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 547 fellingsløyve. Stor fellingskvote og redusert jaktbart areal resulterte i at fjellstyret avgrensa talet jegarar på almenninga til 130. Det vart selt om lag 447 fellingsløyve. Når det gjeld Eidfjord sin fellingsprosent er denne rekna av tildelt kvote og var da på 15,9%. Fjellstyret ynskjer å visa ein forsvarleg forvaltning og ikkje sleppa til for mange jegerar på statsallmenninga. Dette resultera i at fjellstyret satt at med 110 løyve som ikkje vart selt. Legg me selte kort til grunn, hadde fellingsprosenten vore 20,4%.

Fredningssona som omfatta meir enn halvparten av arealet sør for Nordmannslågen var vidareført. Totalt for allmenninga vart det felt 87 dyr. Fredningssona syntes å ha hatt ein positiv effekt, reinen vandra vestover og det var jakting heilt mot Viersla. I tillegg var det trekk av dyr vidare vestover på privatterenga. Det var og gledeleg at det kom dyr vestover nord for Nordmannslågen.


3.2 Småviltforvaltning

Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta.

År	Område	Tal linjer	Tal meter	Ant. obs.	Tal ryper	Ryper/obs	Ryper/km ² (med 90% sikkerheit)	Ant kyllingar/høne
2006	Eidfjord Statsalm	44	229250	84	327	3,9	7	3,8
2007	Eidfjord Statsalm	24	129342	33	129	3,9	8	2,6
2008	Eidfjord Statsalm	23	125361	31	115	3,7	4	2,9
2009	Eidfjord Statsalm	22	113675	21	97	4,6	3	2,6
2010	Eidfjord Statsalm	24	129050	25	197	7,9	4	7,5
2011	Eidfjord statsalm	26	155039	34	290	8,5	7	5,2
2012	Eidfjord statsalm	29	167010	23	81	3,5	2	1,7
2013	Eidfjord statsalm	25	131230	48	193	4,0	3	4,3
2014	Eidfjord statsalm	24	149713	61	428	8,5	11	9,8
2015	Eidfjord statsalm		129600	28	65	2,3	1,8	1,2


Med bakgrunn i den seine og kalde våren i kombinasjon med rapport om samanbrot i smågnagarstamma, vart det forventa eit därleg produksjonsår for rypa. Takseringsresultata bekrefta dette, retningslinjene for når det kan opnast for jakt, grense på 8 ryper/km², vart det ikkje kortsal i haust.

3. Fiskeforvaltning




Statistikken for samla fangst og fangststinsnats viser at fangststinsnatsen var nær den same som i 2014. Likevel er fangstane gått ned med over 1300kg. Samla var det 88 garnfiskarar som hadde løyst kort.


Fangststatistikk frå dei viktigaste vatna;




Avkastinga frå Tinnhølen har minka til tross for at fangststinsnatsen har gått opp. Prøvefisket i Tinnhølen i 2014 viste følgjande lengdefordeling;



Tabellen viser prosentvis fordeling av fangsten på 3cm lengdegrupper. Situasjonen i 2014 viser bra med småfisk i lengdegruppene mellom 16 og 31cm. Sidan 2010 har det årleg vore sett ut over 2000 einsomrige setjefisk og eit varierande tal villfiks fanga i Svinto. All setjefisken er feitfinneklipt. Det er ønskeleg å få rapportar på kor mange feitfinneklipte fiskar som vert fanga. Resultat frå prøvefiske gir håp om at fangstane vil ta seg opp i løpet av eit par år.



Det har vore ein nedgang i fangsttønsats og avkasting, men statistikken viser ingen negativ utvikling i Nordmannslågen.



Statistikken gir resultat av rapportert utbytta oppgitt i kg og tal aure i forhold til innsats målt i form av garndøgn. Det er god samanheng mellom kg og tal aure det viser at det ikke er stor forskjell i storleiken på auren samla sett.

3.1 Fiskeutsetting

Villfisk fanga med elektrisk fiskeapparat,
feitfinnekappa og satt ut i Tinnhølen

År	Tal frå Svinto	Tal frå Bjoreio
2008	348	30
2009	342	
2010	160	
2011	181	
2012	50	
2013	248	
2014	151	
2015	134	

Fangst av villfisk vert utført av Statkraft som kompensasjon for at dei tek stamfisk på Tinnhølen. Årlig fangar dei om lag 50 stamfisk. 28 stamfisk som hadde ein snittvekt på 2,4 kg vart individmerka og slept i Tinnhølen seinhausten 2012. Fjellstyret er veldig interessert i rapport om fangst av desse, fangststad, lengde, vekt og merkenummer er viktig informasjon å få med. I tillegg var det satt ut 2000 einsomrig setjefisk i Tinnhølen. All fisk som er satt ut er feitfinnekappa.

3.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2015;

Svartavatnet


Det har vore gjennomført eit enkelt prøvefiske som ein del av tynningsfisket. Resultatet frå prøvefiske forsterka inntrykket av god rekruttering med stor del småfisk i stamma. På prøvegarnseriar (6 garn) vart det teke 31 aurar med samla vekt på 5,02 kg som gir ei snittvekt på 162g. Situasjonen i vatnet synest stabil, ingen stor betring å sjå i fiskestørleiken.

Svartavasstjørn

Det har vore gjennomført eit enkelt prøvefiske som ein del av tynningsfisket. Resultatet frå prøvefiske forsterka inntrykket av god rekruttering med stor del småfisk i stamma. På prøvegarnseriar (6 garn) vart det teke 47 aurar med samla vekt på 5,5 kg som gir ei snittvekt på 117g. Situasjonen i vatnet synest stabil, ingen stor betring å sjå i fiskestørleiken.

3.4 Kalking

Det vart ikkje gjennomført kalking i 2015. I staden vart det gjennomført ein grundig overvakning av vasskvaliteten og botndyr. Rapport føreligg ikkje enno, men kurve over temperatur er ein faktor som og forklarar årsvariasjonar i fiskeproduksjon. For årrekka 2001-2015 har det for Svartavasstjørn ikkje vore eit så kaldt år som siste året. Dette vil slå ut i rekrutteringa da kaldt vatn vil gi dårleg vekst og låg overleving.



3.5 Anna fiskekultivering

Det har vore gjennomført overvakning av rotenonbehandla vassdrag med el-fiske. Det er ikkje funne ørekyte etter rotenonbehandlinga.

4. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast. Grunnlaget for statistikken er innbetalingar for bruk av hyttene.

Det er ikkje teke omsyn til om det er born eller vaksne i omgrepet "persondøgn". Persondøgn for 2008 og seinare er utrekna ved å dela overnattingssinntekta for den enkelte hytte med døgnsatsen kr 50,-. For Gamla Sandhaug, Viersla og Tinnhølen inngår eit fast beløp oppsynet betalar for overnatting sidan dei leiger eit eige oppsynsrom i hyttene.

Hytte	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Gamla Sandhaug	52	92	58	124	128	131	125	77
Tinnhølen	154	1762	26	78	69	88	122	82
Krobu	73	39	73	120	34	75	70	29
Stigstuv	0	34	7	42	3	19	20	19
Viersla	181	172	13	85	84	139	230	128
Langavasshadle	72	28	9	6	66	15	63	30
Heisann-tjørnhytta						4	8	1

4.1 Hyttestyret

Det har i 2015 ikkje vore noko byggjeaktivitet på fjellstyrehyttene, berre supplering av div. ellers vedlikehald. Hyttestyret hadde følgjande medlemer; Lars Kristian Eidnes, Kari Tveit Hovland, Knut Johan Medhus og Vidar Riber.

Krobu :

Transport av ved /propan
Utført litt tettingsarbeid innvendig ved laminert drager.

Gamla Sandhaug:

Sjekk av 12 volts anlegg,
Transport av ved / propan, kjøpt inn kjøkkenutstyr mv

Viersla:

Transport av ved og propan, kjøpt inn div kjøkkenutstyr
Oppsynsrom i bod ferdig utført.

Langavasshadle:

Transport av ved propan+ sjekk av brannslukkere og solcelleanlegg

Stigstuv:

Sjekk og supplert med ved/gass
Sjekk av brannvarsle

Tinnhølen:

Transport ved og propan

Heisantjørnsbu:

Transport av ved/propan

Skulevikshytta:

Tetta att glas i gavlvegg etter innbrudd, hytta er ikkje til uteige.

5. Beiteleiga

Halne beitetalg har 3. år kontrakt om beiteleige med fjellstyret og slepte 642 sau. Kontrakten seier at beitelaget kan beita inntil 1000 sau, denne gjekk ut i 2015. Brot på vilkår i beiteleiga resulterte i sak som

6. Anna

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver noko mindre enn vedteke i budsjettet.
- Aslak Myrvang var styremedlem til styret for Fjellstyra på Hardangervidda AS.
- Aslak Myrvang er medlem i Villreinutvalet og for tida leiar.
- Pga ekstrem sein vår og mykje snø i fjellet vart det ikkje arrangert ungdomshelg i Eidfjord.

Eidfjord fjellstyre

Lars Kristian Eidnes

- S -

Asle Øydvin

- S -

Vidar Riber

- S -

Nina Eiken

- S -

Atle Myklatun

- S -

Håkon Kvammen

- S -

Dagny Opedal

- S -